

Parainfluenzavirus 1-3

Analysemetode

PCR, eigenprodusert.

Indikasjon

Mistanke om luftvegsinfeksjon årsaka av parainfluenzavirus. Prøve bør takast tidleg i sjukdomsforløpet (< 2 veker etter symptomdebut).

Vanleg årsak til luftvegsinfeksjon hos barn under 5 år, men kan smitte andre aldersgrupper. Sjukdomsforløpet er normalt forkjølelesliktande sjukdom i øvre luftvegar, men kan også gje "falsk krupp", bronkitt, bronkiolitt og lungebetennelse.

Prøvetaking

Sekret frå nasofarynks (evt hals). Sjå [Prøvetaking luftvegar til PCR.](#)

Prøvetakingsutstyr

Σ -VCM transportmedium, 2 ml (Sigma-VCM):



Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

Haldbarheit

4 døgn. Eldre prøvar vurderast.

Vurdering i laboratoriet

Påvist/ikkje påvist for Parainfluenzavirus 1-3. Analysen spesifiserer serotype. Analysen dekker ikkje Parainfluenzavirus 4, samt nokre uvanlege variantar av Parainfluenzavirus 1.

Forventa analysetid

Analysen blir utført 2-5 gonger i veka (sesong-avhengig).

Feilkjelder

Utførast av

Molekylærbiologisk fagområde

Fagområde

Virologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

30.10.2018 Karina Astrup